

Meland kommune
v/ Helge Kvam
helge.kvam@meland.kommune.no

Dato: 28.02.2017

Vår ref.: 17/00148
Deres ref.:

Saksbehandler: Hanne Cecilie Hougen

Tilbud og avtale om gjennomføring av ungdatabundersøkelse i Meland kommune 2017

Forskningsinstituttet NOVA ved Høgskolen i Oslo og Akershus kan i samarbeid med Kompetansesenter rus – region Vest - Bergen (KoRus Vest - Bergen) tilby en undersøkelse etter mal fra Ungdata – lokale ungdomsundersøkelser.

Som vedlegg finner dere kontrakt for gjennomføring av Ungdataundersøkelse i kommunen. Dersom dere aksepterer kontrakten, trenger dere ikke å gi tilbakemelding til NOVA om dette. Dere aksepterer avtalen ved å signere den, og videresende den signerte avtalen til KoRus.

Om Ungdata

Ungdata er et kvalitetssikret system for gjennomføring av lokale spørreskjemaundersøkelser blant elever på ungdomstrinnet og i videregående opplæring. Formålet er å framskaffe kunnskap om ungdoms oppvekst lokalt, og gi et grunnlag for kommunalt og fylkeskommunalt plan- og utviklingsarbeid knyttet til folkehelse og forebyggende arbeid overfor ungdom. Temaene i Ungdata spenner fra skole, familie, venner og fritid til spørsmål om helse, rus og problematferd. Spørreskjemaet inneholder obligatoriske, valgfrie og egenkomponerte spørsmål. Besvarelsen foregår elektronisk på skolene, ved at elevene logger seg inn til undersøkelsen via en nettside.

Kommuner/fylkeskommuner som har gjennomført en ungdatabundersøkelse får kort tid etter gjennomføring tilsendt standardrapporter fra undersøkelsen (normalt er dette svarfordeling, kjønnsfordeling, fordeling etter klassetrinn og nøkkeltall sammenlignet med nasjonale tall). Data fra alle ungdatabundersøkelser lagres i en nasjonal database. Ungdata-basen vil bli brukt til forskningsformål, og med jevne mellomrom vil det publiseres nasjonale rapporter basert på dataene. For at kommunen/fylkeskommunen skal kunne sammenligne sine resultater med resultater fra andre undersøkelser, blir en rapport med nøkkeltall fra alle gjennomførte undersøkelser offentliggjort på nettsiden www.ungdata.no, som regel tre måneder etter at datainnsamlingen er ferdigstilt.

Kostnadsfri standardløsning

Å gjennomføre en ungdomsundersøkelse er gratis for kommunen/fylkeskommunen. Den kostnadsfrie standardløsningen omfatter a) hjelp til å sette sammen spørreskjema, b) tilgang til den elektroniske undersøkelsen, c) veiledning i hvordan undersøkelsen skal gjennomføres på skolene, d) kvalitetssikring og oppbevaring av data og e) standardrapporter. Tilbudet forutsetter at spørreskjemaet er bygget opp av spørsmål som er ferdigdefinert i Ungdata (obligatoriske og valgfrie). Ønsker kommunen/fylkeskommunen å inkludere egenkomponerte, lokalt utformete spørsmål tilkommer en kostnad som normalt vil være på maksimalt kr. 5.000,- (eks. mva). NOVA vil gi et forpliktende tilbud på dette etter at omfanget av egenkomponerte spørsmål er endelig avklart.

Eventuell analyse og rapportskrivning ut over standardrapportene avtales og faktureres separat.

Rollefordeling

- *Kommunen/fylkeskommunen* står for den praktiske gjennomføringen, og må utnevne en koordinator, som leder planleggingen og gjennomføringen av ungdomsundersøkelsen. Koordinatoren skal påse at kommunens/fylkeskommunens forpliktelser i ungdomsundersøkelsen ivaretas, og er bindeleddet mellom KoRus/NOVA og skolene. Det vil være koordinator sin oppgave å rekruttere, motivere og veilede skoler som skal delta i undersøkelsen. Koordinatoren har videre ansvar for å påse at elever og foresatte informeres om undersøkelsen i forkant av datainnsamlingen.
- *KoRus* vil bistå kommunen/fylkeskommunen med planlegging av undersøkelsen og utforming av spørreskjema. KoRus vil videre bistå med å lage informasjonsbrev til elever/foresatte og instruksjoner til kontaktpersoner/andre som administrerer datainnsamlingen på skolene. KoRus kan, etter nærmere avtale med kommunen/fylkeskommunen, delta i den lokale drøftingen av funnene i undersøkelsen. Dette må i så tilfelle avtales spesielt med KoRus.
- *NOVA* har ansvar for at undersøkelsen gjennomføres i tråd med lover og regler. NOVA har videre ansvar for at den tekniske løsningen for datainnsamlingen fungerer som den skal. Etter at undersøkelsen er avsluttet, vil NOVA produsere standardrapporter fra undersøkelsen, og legge inn data i den nasjonale databasen. NOVA har også ansvar for eventuell utlevering av data fra undersøkelsen.

Eierskap og bruk av data

NOVA vil være eiere av dataene som samles inn. Aktører som skal ha tilgang til data må inngå en avtale om utlevering av data med NOVA. Dette gjelder også eventuelle eksterne aktører som skal analysere data fra undersøkelsen på vegne av kommunen/fylkeskommunen. De regionale kompetansesentrene for rusfeltet (KoRus) har tilgang til den nasjonale databasen.

Etter kontraktsignering vil NOVA/KoRus og kommunen/fylkeskommunen starte prosessen med å avklare konkrete spørsmål rundt undersøkelsen: tidsplan, spørreskjema, informasjonsbrev, hvor mange ungdommer som skal delta etc. Er det behov for ytterligere avklaringer, vennligst send en e-post til ungdata@nova.hioa.no, eller ta kontakt med Ungdata-sekretariatet ved rådgiver Vegard Svagård (452 38 356).

Den vedlagte kontrakten er elektronisk signert av NOVA, og de andre avtalepartene får under ingen omstendigheter endre, stryke eller legge til i avtaleteksten.

Vennlig hilsen

Guro Ødegård
forskningsleder SVA

Hanne Cecilie Høugen
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ingen håndskrevne signaturer

**AVTALE OM GJENNOMFØRING AV
«UNGDATA-UNDERSØKINGA I MELAND 2017»**

MELLOM

Meland kommune (heretter kalt **Oppdragsgjevar**),

Høgskulen i Oslo og Akershus v/ NOVA (heretter kalla **NOVA**)

og

Kompetansesenter rus – region vest Bergen (heretter kalla **KoRus**)

Denne avtala regulerer det ansvaret og dei pliktane som Oppdragsgjevar, NOVA og KoRus har i samband med at NOVA, i samarbeid med KoRus, på oppdrag frå Meland kommune skal gjennomføre ei ungdomsundersøking i kommunen etter mal frå Ungdata – lokale undersøkingar.

1. Formålet med undersøkinga

Hovudformålet med «Ungdata-undersøkinga i Meland 2017» er å gje eit kunnskapsgrunnlag for kommunalt plan- og utviklingsarbeid knytt til folkehelse og førebyggjande arbeid overfor ungdom. Det er også eit mål å få data om ungdom som grunnlag for nasjonale og lokale samanlikningar over tid. Data frå undersøkinga vil også kunne verte brukte i forskings- og utviklingsprosjekt der målet er å få ny kunnskap om oppvekstvilkåra til ungdom.

Data frå undersøkinga vil verte lagde inn i ein nasjonal database – Ungdatabasen. Databasen inneheld data frå alle gjennomførte Ungdata-undersøkingar. Målet med databasen er å kunne få kunnskap om regionale variasjonar og nasjonale trendar når det gjeld livsstilen, levekåra og helsa til ungdom.

2. Ungdata

Ungdata er eit kvalitetssikra og standardisert system for lokale spørjeskjemaundersøkingar, som vert tilbydd alle kommunar i Noreg. Undersøkingane er tilpassa skuleelevar på ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring. Spørjeskjemaet er samansett av ein obligatorisk grunnmodul, som vert brukt i alle undersøkingar, og eit sett med valfrie, førehandsdefinerte spørsmål som oppdragsgjevaren kan velje frå. Oppdragsgjevaren kan også supplere med eigenkomponerte spørsmål. Undersøkingane går føre seg i skuletida og vert gjennomførte elektronisk.

Ungdata er eit samarbeid mellom NOVA, dei regionale kompetansesentra innan rusfeltet (KoRus), KS, Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet og Helsedirektoratet. Eit nasjonalt sekretariat for Ungdata finst ved NOVA.

3. Rollene og pliktene til partane

3.1 Rolla og pliktene til NOVA

NOVA er ansvarleg instans for undersøkinga og har det overordna ansvaret for å sikre at datainnsamlinga går føre seg i tråd med lover, reglar og etiske retningslinjer. NOVA har ansvaret for at dataa vert oppbevarte slik at integriteten og konfidensialiteten til respondentane er ivaretekne.

NOVA vil levere eit opplegg for elektronisk gjennomføring der elevane kan logge seg inn på ei nettside med eit tilfeldig generert brukarnamn.

NOVA skal godkjenne og kvalitetssikre den endelege versjonen av spørjeskjemaet og vil vurdere om undersøkinga er utforma på ein måte som gjer det naudsynt å melde inn prosjektet til personvernombodet vårt ved Norsk samfunnsvitskapeleg datateneste (NSD). NOVA er ansvarleg for å skaffe til vegar eventuelle løyve frå NSD før datainnsamlinga kan byrje.

NOVA skal lage informasjonsmateriell til skulen og elever/føresette i forbindelse med undersøkinga. Om kommunen sjølv ønskjer å lage egne variantar av informasjonsmaterialet, skal dette godkjennast av NOVA i etterkant.

NOVA har ansvaret for å utarbeide ei datafil ein kan analysere. Datafila vil verte lagt inn i den nasjonale Ungdatabasen.

NOVA vil normalt innan tre veker etter at datainnsamlinga er avslutta, utarbeide eit sett standardiserte rapportar, som viser hovudresultata frå undersøkinga.

3.2 Rolla og pliktene til KoRus

KoRus vil rettleie Oppdragsgjevar om korleis han skal gjennomføre undersøkinga.

KoRus vil rettleie Oppdragsgjevar i val av spørsmål og utforming av spørjeskjemaet. KoRus har ansvaret for at Oppdragsgjevar får ei liste med spørsmål han kan bruke i undersøkinga.

KoRus har ansvaret for at Oppdragsgjevar får tilgang til informasjonspakken, som er samansett av informasjon til a) skuleleiarar / kontaktpersonen på skulen, b) dei som skal administrere datainnsamlinga i klasseromma, og c) føresette og elevar.

KoRus har ansvaret for at Oppdragsgjevar får tilsendt standardrapportane som NOVA har utarbeidd, og for å informere om når NOVA reknar datainnsamlinga for å vere avslutta.

KoRus kan, etter nærmare avtale med Oppdragsgjevar, delta i den lokale drøftinga av funna i undersøkinga.

3.3 Rolla og pliktene til Oppdragsgjevar

Oppdragsgjevar bør forankre Ungdata-undersøkinga på rådmann- eller kommunalleiernivå.

Oppdragsgjevar skal **opprette ein koordinator**, som lokalt skal leie planlegginga og gjennomføringa av undersøkinga. Koordinatoren er bindeleddet mellom NOVA/KoRus og skulane.

Oppdragsgjevar skal kome med **innspel på kva slags spørsmål og tema** det er ønskeleg å ha med (utover ein obligatorisk grunnmodul som er med i alle Ungdata-undersøkingane).

Oppdragsgjevar skal utarbeide ei **oversikt over elevtal** på dei aktuelle skulane som skal vere med i undersøkinga.

Oppdragsgjevar er ansvarleg for å **administrere sjølve datainnsamlinga** på ein måte som sikrar at undersøkinga vert gjennomført etter dei retningslinene NOVA/KoRus har trekt opp, og at svarprosenten vert høgast mogleg.

Oppdragsgjevar skal informere **skuleleiarar** i god tid før datainnsamlinga byrjar, og sørge for at undersøkinga kan gå føre seg i skuletida. Oppdragsgjevaren skal sørge for at naudsynte ressursar er tilgjengelege i skulane (klasserom, datamaskiner og vaksne personar som kan administrere undersøkinga i klasserommet).

Oppdragsgjevar skal sørge for at det **vert oppretta ein kontaktperson på kvar skule**, som får ansvaret for den lokale gjennomføringa på sin skule.

Oppdragsgjevar skal sørge for at **alle føresette er informerte** om undersøkinga. Han må sende informasjonsbrev til heimane minst to veker før datainnsamlinga. Dette kan han gjere via vanleg brevpost eller gjennom dei kanalane skulane normalt bruker for å nå ut med viktig informasjon, til dømes via elektronisk post. Ranselpost er ikkje tilstrekkeleg. Dersom oppdragsgjevaren ønskjer å bruke andre kanalar for å informere foreldra, må han avtale dette særskilt med NOVA.

Oppdragsgjevar skal sørge for å administrere ei ordning kor alle føresette til barn under 18 år har moglegheit til å reservere seg mot at deira barn deltek i undersøkinga. Dersom det skal verte samla inn personopplysningar, må oppdragsgjevaren etablere ei ordning som sørger for at føresette til barn i ungdomsskule får moglegheit til å gje skriftleg samtykke til at deira barn kan delta i undersøkinga.

Oppdragsgjevar har ansvaret for at **alle elevane som deltek i undersøkinga, er blitt tilstrekkeleg informerte** om at deltaking er frivillig, kva som er formålet med undersøkinga, at deltakarane når som helst kan trekke seg, og at det ikkje vil få nokon konsekvensar dersom dei ikkje vil vere med eller ønskjer å trekke seg undervegs. Dette skjer ved at ein administrator les opp ein informasjonstekst som NOVA/KoRus har utarbeidd, før elevane svarer på spørsmåla.

Oppdragsgjevar har plikt til å **informere helsesøster og/eller andre relevante hjelpetenester** i kommunen om undersøkinga før ho vert gjennomført. Ein må etablere ein beredskap for elevar som ønskjer å ta kontakt med hjelpeapparatet i samband med deltaking i undersøkinga.

4. Tidsrammer

Prosjektet byrjar:	28.02.2017
Anteke starttidspunkt for datainnsamling:	20.03.2017
Sluttdato for prosjektet er	01.09.2017

5. Kontaktpersonar

Kontaktperson for undersøkinga hjå Oppdragsgjevar er: Helge Kvam (561 71 000).

Kontaktperson hjå KoRus er: Randi Vartdal Knoff (55 90 86 32).

Kontaktperson hjå NOVA er: Vegard Svagård (452 38 356).

Skifte av kontaktperson skal berre skje etter avtale mellom partane.

6. Bruksrett til og utlevering av data

NOVA eiger dei opplysningane som vert samla inn, og har ansvaret for å forvalte opplysningane i tråd med formålet med undersøkinga og etter dei retningslinene som eventuelt er trekte opp av personvernmyndigheitene. NOVA har bruksrett til alle opplysningane som vert samla inn. Data frå undersøkinga vil saman med data frå andre Ungdata-undersøkingar verte lagde inn i ein nasjonal database.

Dei regionale kompetansesentra for rus har bruksrett til Ungdatabasen.

Oppdragsgjevaren står fritt til å samarbeide med eksterne instansar om analyse av data og utforming av rapportar. Oppdragsgjevaren og andre instansar kan få tilgang til data frå Ungdatabasen etter søknad til NOVA. NOVA vil i slike tilfelle inngå ei utleveringsavtale med søkeren, der det går fram kva slags data som skal verte utleverte, kven som skal bruke dataa, korleis dataa skal verte oppbevarte, og kva som er formålet med bruken av dataa. NOVA kan fjerne eller grovkategorisere variablar før utlevering av data dersom dette er naudsynt for å sikre at konfidensialiteten til respondentane vert ivareteken. Det er utforma eit søknadsskjema for dette formålet, som ein kan få ved å kontakte NOVA.

Etter at datainnsamlinga er avslutta, vil **NOVA** og **KoRus** vurdere kvaliteten på dataa frå undersøkinga. Dersom det viser seg at svarprosenten er spesielt lav, eller at det er andre tilhøve som tilseier at analysar av datamaterialet ikkje vil vere fagleg forsvarleg, kan NOVA og KoRus avstå frå å rapportere frå undersøkinga.

7. Offentleggjing av resultat

Oppdragsgjevar står fritt til å avgjere når og korleis oppdragsgjevaren vil formidle resultata frå undersøkinga. Rapportane NOVA leverer er omfatta av §3 i Offentleglova om rett til innsyn.

NOVA vil offentliggjere ein rapport med nøkkeltal frå undersøkinga på nettsidene www.ungdata.no tre månader etter at datainnsamlinga er avslutta, eventuelt på eit anna tidspunkt dersom dette er avtalt mellom partane.

NOVA og **KoRus** står fritt til å publisere resultat frå undersøkinga tre månader etter at datainnsamlinga er avslutta. NOVA og KoRus har full rett til å publisere eller på andre måtar offentliggjere resultat frå prosjektet i dei publikasjonane og media som NOVA og KoRus ønskjer.

8. Økonomi og betalingsvilkår

Ungdata har ei kostnadsfri standardløsning, som omfattar utforming av spørjeskjema ut frå ei førehandsdefinert liste med spørsmål, tilgang til den elektroniske undersøkinga, rettleiing rundt gjennomføring, kvalitetssikring og oppbevaring av data og standardrapportar med resultat frå undersøkinga.

Ved bruk av eigendefinerte, lokalt utforma spørsmål kjem det eit tillegg i prisen for oppdragsgjeveren. Tillegget vil normalt vere på maksimalt kr 5 000 (eks. mva.). NOVA vil gje eit forplikande tilbod på dette etter at omfanget av eigenkomponerte spørsmål er endeleg avklart.

Analysar og rapportering utover standardrapporteringane må ein avtale spesielt.

9. Stans av prosjektet

Begge partane har rett til å stanse samarbeidet i tilfelle av misleghald frå ein av partane. Slik stans skal ein varsle skriftleg. Partane kan ikkje krevje erstatning for tap i samband med slik stans i prosjektet. Ved vesentleg misleghald vil kontrakten kunne verte oppsagd etter å ha vore stansa i 30 dagar. Den andre parten skal ha oppseiinga skriftleg.

10. Tvist

Ein tvist som gjeld forståelsen av denne kontrakten, eller om tilhøve som elles vert grunngjevne i kontraktstilhøvet, skal ein prøve å løyse ved forhandlingar. Dersom partane ikkje vert samde, skal tvisten verte avgjort ved skilssdom med heimel i reglane i tvistemålslova kap. 32.

Denne kontrakten er utferda i tre eksemplar. Etter signeringa beheld Oppdragsgjever, KoRus og NOVA kvar sitt eksemplar.

Oppdragsgjever

NOVA

Kompetansesenter Rus
– region vest Bergen
Bergenslinikkene

Sted Dato

Sted Dato

Sted Dato

Rådgivar, Rådmannen sin stab
Helge Kvam
Oppdragsgjever

Forskingssleiar
Guro Ødegård
NOVA

Avdelingsdirektør
Vibeke Johannesen
KoRus

Dokumentet er elektronisk signert av NOVA og har derfor ingen handskrivne signaturar